

VEDTEKTER FOR SUNNMØRE OG ROMSDAL FISKESALSLAG SA

§ 1 Organisasjon

Foretaket er eit samvirkeforetak og foretaket sitt namn er Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag SA.

§ 2 Virkeområde og forretningskontor

Foretaket sitt virkeområde er Sunnmøre og Romsdal.

Foretaket har forretningskontor i Ålesund kommune.

§ 3 Formål

Foretaket sitt formål er å ta seg av førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar i samsvar med gjeldande lov og forskrift(er).

Verksemd som foretaket driv, og som ikkje direkte er organisering av slik førstehandsomsetning, skal skje gjennom eigne selskap.

§ 4 Medlemskap

Fiskar, fangar eller oppdrettar som leverer viltlevande marine ressursar gjennom foretaket, mellom anna eigar av eller mannskap på fartøy som gjer slike leveransar, og som har bopel eller forretningsadresse i Sunnmøre og Romsdal, kan vere medlem av foretaket.

Medlem av foretaket blir ein ved å melde seg inn i lokal eller landsomfattande organisasjon for dei som er nemnde i første ledd.

Medlemskap i foretaket opphøyrer ved utmelding av organisasjon som nemnd i andre ledd.

Utmelding av foretaket gir ikkje rett til utbetaling av nokon del av midlane til foretaket. Ein utmeld medlem skal ikkje ha noko krav ved mogleg etterbetaling frå foretaket.

§ 5 Økonomiske forhold

Foretaket sin eigenkapital består av akkumulerte årsoverskot.

Medlemmene heftar ikkje for foretaket si gjeld.

Foretaket krev inn avgift fastsatt etter fiskesalslagslova § 9. Avgifta vert fastsett av årsmøte i foretaket.

Foretaket sine medlemmer skal ikkje betale medlemskontingent i tillegg til avgift.

§ 6 Disponering av årsoverskot

Årsoverskot vert lagt til foretaket sin eigenkapital.

§ 7 Årsmøte

Årsmøtet har høgste rådvelde i foretaket.

Medlemmene skal vere representerte ved utsendingar på årsmøtet. For å vere valfør som utsending eller varamedlem må ein vere medlem av foretaket, jf. § 4.

Det skal veljast nitten (19) utsendingar til årsmøtet med nummererte varamedlemmer. Møre og Romsdal Fiskarlag vel ni (9) utsendingar og atten (18) varamedlemmer, Fiskebåt Vest åtte (8) utsendingar og seksten (16) varamedlemmer og Norsk Sjømannsforbund, to (2) utsendingar og fire (4) varamedlemmer.

Utsendingane med varamedlemmer vert valde for to år om gongen, og gjer teneste til nytt val.

§ 8 Innkalling til årsmøte

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år før 30. juni.

Styret kallar inn til årsmøte ved skriftlig melding til dei valde utsendingane med varsel på minst seks veker. Innkallinga skal innehalde framlegg til sakliste og klart oppgi dei sakene som årsmøtet skal handsame. Framlegg til vedtektsendringar skal takast inn i denne innkallinga. Årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding skal sendast saman med innkallinga, eller om dette ikkje er mogleg, seinast ei veke før årsmøtet.

Andre saker som skal leggjast fram for årsmøtet, må vere komne inn til styret seinast fire veker før årsmøtet. Endra innkalling skal sendast slik at den kan kome fram minst ei veke før årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret bestemmer det, eller når revisor eller minst ein tidel av medlemmene krev det skriftlig for å få tatt opp eit klart oppgitt emne. Styret skal syte for at slikt årsmøte blir halde innan ein månad etter at kravet er sett fram. Innkalling skal sendast slik at den kan kome fram minst ei veke før det ekstraordinære årsmøtet.

Styre, dagleg leiar og kontrollnemnd skal innkallast til årsmøta. Dei tek del i drøftingane, men utan stemmerett. Styreleiar og dagleg leiar skal vere til stades på møta.

§ 9 Vedtak i årsmøte

Årsmøtet kan ikkje gjere vedtak utan at 2/3 av utsendingane eller deira varamedlemmer møter. Møter ikkje så mange, vert det kalla saman til nytt møte, og dette møtet kan gjere vedtak utan omsyn til kor mange som møter.

§ 10 Møteleiing og protokoll

Styreleiaren eller den styret har peikt ut, opnar årsmøtet.

Årsmøtet vel to møteleiarar, første og andre møteleiar.

Det skal førast protokoll over møta. Første møteleiar og minst ein annan person som årsmøtet skal velja mellom dei som er til stades, skal skrive under protokollen.

§ 11 Avrøysting

Eit vedtak av årsmøte krev fleirtal av dei røystene som er gitt. Blanke eller avståande røyster er ikkje tillate, utanom ved val.

Årsmøtet kan vedta vedtektsendringar med 2/3 av dei røystene som er gitt.

Vedtektsendringar som inneber

1. vesentlege endringar av formålsparagrafen,
2. meir tyngande hefteregjar for medlemmene,
3. skjerpning i plikta til å gjere innskot i foretaket, eller
4. avgrensningar i retten til å tre ut,

krev tilslutning frå minst 4/5 av dei røystene som er gitt.

Avrøystingar skal vere skriftleg eller ved namneopprop, når nokon krev det. Krav om skriftleg avrøysting går framom krav om namneopprop.

Ved val der ingen får eit fleirtal av røystene vert det halde omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster.

Mellom like røystetal ved skriftleg avrøysting vert avgjerda teken ved loddtrekning. Ved like røystetal elles, gjeld det som første møteleiar sluttar seg til.

§ 12 Årsmøtet sine oppgåver

Ordinært årsmøte skal ta føre seg:

1. Konstituering og val av nemnder.
2. Styrets og kontrollnemndas melding for siste år.
3. Styrets forslag til årsrekneskap.
4. Val av styremedlemmer med personlege varamedlemmer.
5. Val av styreleiar og nestleiar.
6. Val av kontrollnemnd.
7. Val av val- og lønsnemnd.
8. Vederlag til styret, nemnder og utsendingane.
9. Val av revisor og godkjenning av revisors honorar.
10. Andre saker som følgjer av innkallinga til årsmøtet, eller som er nemnd i samvirkelova § 50 (2).

§ 13 Styret

I styret for foretaket skal det vere sju (7) medlemmer, der seks (6) vert valde av årsmøtet og ein (1) av og blant dei tilsette.

Tre (3) styremedlemmer skal veljast etter innstilling frå Møre og Romsdal Fiskarlag, to (2) styremedlemmer skal veljast etter innstilling frå Fiskebåt Vest og ein (1) styremedlem skal veljast etter innstilling frå Norsk Sjømannsforbund. Begge kjønn skal vere representert blant styremedlemmene som er valde av årsmøtet.

Det skal veljast nummererte varamedlemmer, seks (6) etter innstilling frå Møre og Romsdal Fiskarlag, fire (4) etter innstilling frå Fiskebåt Vest og to (2) etter innstilling frå Norsk Sjømannsforbund.

Styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år om gongen med unntak av dei tilsette sin representant og varamedlem, som vert valde for eitt år om gongen.

Ingen kan samstundes vere vald som fast utsending eller varamedlem for utsending, og medlem av styret eller varamedlem for medlem av styret.

Styreleiar og nestleiar skal veljast ved særskilt val for eitt år. Desse verva skal fordelast mellom dei organisasjonane som vel utsendingar til årsmøtet.

Dei tilsette sin representant vert vald ved direkte val mellom de tilsette i foretaket.

Valperioden er mellom to påfølgjande ordinære årsmøte.

Lengste samanhengande tenestetid i styret er åtte år som styremedlem. Styreleiar kan ha samanhengande tenestetid i styret i inntil tolv år.

§ 14 Styret sine møter

Styremøte vert halde når styreleiar eller minst to (2) av styremedlemmene krev det. Dagleg leiar deltek i styremøta utan stemmerett.

Styret kan ta avgjerder når leiar eller nestleiar og tre (3) andre medlemmer av styret er til stades.

Eit styrevedtak krev at fleirtalet av dei styremedlemmer som er med på behandlinga av ei sak, har røysta for. Står røystene likt, gjeld det som møteleiaren har røysta for. Dei som har røysta for eit framlegg som inneber ei endring, må likevel alltid utgjere meir enn ein tredel av alle styremedlemmene.

Det skal førast protokoll over møta i samsvar med samvirkelova § 91.

§ 15 Styret sine oppgaver

Styret skal:

1. Forvalte og organisere verksemda i selskapet i tråd med vedtektene og vedtak på årsmøtet.
2. Fastsetje allmenne salsvilkår etter fiskesalslagslova § 10.
3. Halde seg orientert om den økonomiske situasjonen i selskapet.
4. Sjå til at det blir ført fullgod kontroll med verksemda, rekneskapen og formuesforvaltninga.
5. Tilsetje dagleg leiar.
6. Avgjere kven som kan binde selskapet samt tildele prokura.

§ 16 Arbeidsutval

Styret kan mellom seg velje eit arbeidsutval på tre (3) medlemmer for eitt år om gongen. Dette utvalet kan dagleg leiar tilkalle og rådføre seg med i særskilde høve, og det har då fullmakt til å ta avgjerder på vegne av styret. Styret set opp rettleiing for dette utvalet. Over møta skal det førast protokoll som utvalet og dagleg leiar skriv under.

§ 17 Kontrollnemnd

Foretaket skal ha ei kontrollnemnd på tre (3) medlemmer med seks (6) nummererte varamedlemmer, som vert valde av årsmøtet kvart år. Årsmøtet vel leiaren i kontrollnemnda.

Ingen kan samstundes vere medlem av kontrollnemnda eller varamedlem for medlem av kontrollnemnda, og fast utsending til årsmøte, medlem av styret eller varamedlem for utsending eller styremedlem.

§ 18 Val- og lønsnemnd

Foretaket skal ha ei val- og lønsnemnd på tre (3) medlemmer med to (2) nummererte varamedlemmer kvar, som vert valde av årsmøtet kvart år. Årsmøtet vel leiaren i val- og lønsnemnda. Det skal veljast ein (1) medlem med to (2) varamedlemmer etter innstilling frå kvar av dei tre organisasjonane som vel utsendingar til årsmøtet, jfr § 7.

Medlem eller varamedlem i styret og medlem eller varamedlem i kontrollnemnda kan ikkje samstundes vere medlem eller varamedlem i val- og lønsnemnda.

§ 19 Tillitsvalde og tilsette

Ein som er tilsett i foretaket kan ikkje ha tillitsverv i foretaket, med unntak av dei tilsette sitt styremedlem.

Utsending til årsmøte, medlem av styret eller kontrollnemnda, eller varamedlem for nemnde tillitsvalde kan berre ha minoritetsinteresser i forretning som kjøper fangst av foretaket for tilverking eller omsetning. Unnateke er overtaking av eigen fangst.

§ 20 Offentleg kontrollør

Vedkomande departement kan nemne opp ein offentlig kontrollør for foretaket. Kontrolløren si løn skal fastsetjast av departementet og betalast av foretaket.

§ 21 Tvister

Tvistemål mellom foretaket og medlemmene skal prøvast løyst av ei meklingsnemnd på tre medlemmer. Krav om mekling skal framsettast skriftleg med kopi til Fiskeridirektøren. Innan to veker etter at ein part har framsett krav om mekling skal kvar av partane nemne opp ein meklar. Fiskeridirektøren nemner opp den tredje som leiar av nemnda, som syter for at meklinga vert halden. Skulle ein part ikkje nemne opp ein meklar, gjer nemndas leiar dette.

Partane ber kvar sine sakskostnader ved meklinga. Det same gjeld kostnader til sin meklar, og halvparten av kostnader til nemndas leiar og andre kostnader ved meklinga.

Dersom tvisten ikkje vert løyst ved mekling, står det partane fritt å søkje tvisten avgjort ved vanleg rettergang.

§ 22 Oppløysing

Til oppløysing av foretaket krevst at framlegg om det først har vore handsama av styret.

Vedtak om oppløysing krev at minst 2/3 av utsendingane på årsmøtet som handsamar saka røyster for oppløysing, og at minst 2/3 av dei valde utsendingane er til stades på møtet.

Møter ikkje så mange, vert det kalla inn til nytt møte. Røyster minst 2/3 av dei som då møter for framlegget, vert foretaket å løysa opp.

Ved oppløysing skal nettoformua til foretaket gå til allmenntillegge formål innanfor norsk fiskerinæring i foretaket sitt virkeområde.

Vedtak om nytting av formua må godkjennast av vedkomande departement.

Om oppløysing gjeld elles kapittel 10 i samvirkelova.

Sist endret i årsmøtet 04.05.2022